



## Kjetil Mulelid Trio

*Not Nearly Enough To Buy A House*

RUNE GRAMMOFON

Den unge pianisten Kjetil André Mulelid har allereie gjort seg synleg gjennom prosjekt som duoen Kjemilie og kvartetten Wako og debuterer no med eigen trio på Rune Grammofon. Med på laget har han med seg studiekamaratar frå tida ved Jazzlinja i Trondheim: bassist Bjørn Marius Hegge (som også er ute med ei imponerande plate i desse dagar) og trommeslagar Andreas Winther.

Not Nearly Enough To Buy A House byrjar i kjende, skandinaviske vendingar, med harmoniske, elegante brytningar og ein sløy og fleksibel groove. Når Mulelid går til angrep med sitt første kor på andresporet "Fly, Fly" merkar ein at desse tre meinar alvor. Improvisasjonen i gruppa er aggressiv, frilyndt og uføreseieleg, og dei må bryte heilt opp før han finn tilbake til hovudtemaet.

Slik held trioen fram gjennom plata, og

med innslag av enkle, vakre og velgjorte komposisjonar som sklir inn og ut av ganske fri og ekspressiv improvisasjon. Dei er ikkje redde for å sette klare rammer eller ein frisk groove, som på "Children's Song" eller nemnte "Fly, Fly", men mest av alt er det energisk, uttømmande samspel med egaltær rollefordeling.

Verken Winther eller Hegge har nokon interesse i å late seg bli låste til dei meir tradisjonelle rollene instrumenta deira gjerne har i ein slik setting, og over og under Mulelids komposisjonar held dei ingenting tilbake. Dette skapar ein rikdom av motiv, utvekslingar og stor samspelskunst, utan at det maksimalistiske må vike for det smakfulle. Her får alle sagt sitt, så det er ingen fare å sleppe til sidemannen.

Olav Opsvik